

029059

Sak

Innberetning v/ Øystein Ekroll

20.11.1986

innberetningsdato

Mangersnes

gnr. 44

bnr. 2

fk.nr.

gårdsnavn

Radøy kommune

Hordaland fylke

kommune

fylke

Eigar: Radøy kommune, 5120 Manger

Brukar: Bård Kolflaath, Seljesvingen 19, 5032 Fyllingsdalen

eier/bruker

postnummer/adresse

Ang.

dato

BAKGRUNNEN FOR UTGRAVINGA

Historisk museum vart i 1983 kontakta av Bård Kolflaath, som på Mangersnes hadde funne eit lag av tømmerstokkar, bark, kvist og hoggflis under graving av ein kanal frå Nesvatnet til sjøen. Etter synfaring vart det gitt løyve til vidare graving dersom museet vart varsla om spesielle funn eller konstruksjonar (innberetning ved Asle Bruen Olsen datert 15.8.1983).

Ei C14-prøve av treverk i kulturlaget (T-5306) gav dateringa 1780[±]60 BP, dvs. AD 185[±]75, og gjenstandar som Kolflaath sende inn til museet, vart m.a. identifisert som eit ardskjær og restar av eit spant av alderdommeleg type, etter som spantet hadde vore surra til skroget med lindebast.

Det vart derfor vedteke å sette i gang ein fagmessig undersøking i 1986. Kolflaath hadde då i samband med utvidinga av fiskeoppdrettsanlegget på staden bygd ei demning som gjorde det mogleg å drenere det funnførande området så pass at det var mogleg å grave der. Inntil denne tid hadde området stått under vatn. På det meste stod det over 1 meter vatn over toppen av myra.

Utgravinga.

Utgravinga vart gjennomført i tida 2.-13. juni 1986 under leiding av underteikna. Som feltarbeidarar deltok Elin Birkeland, Randi Bardon, Olaug Økland (1. veke), Torunn Meyer (2. veke) og Henning Hoel (heile perioden).

Utgravingsforholda var vanskelege. Kraftig regnver meste-

parten av tida kombinert med blaut undergrunn og stort vassinnsig gjorde at gravearbeidet måtte skje frå flakar dersom manskapet ikkje skulle søkke i myra. Den skrøpelege konsistensen på treverket gjorde at store delar av det funnførande myrlaget måtte gravast med hendene utan bruk av jernreiskap, for å prøve å unngå skader på gjenstandane. Bård Kolflaath skal ha stor takk for den assistanse han gav, m.a. lån av to pumper til å halde vatnet nede, og lån av trematerialar til bygging av køyreveg for trillebårene.

Utgravingsområdet.

Utgravingsområdet ligg i det eine av dei to utløpa Nesvatnet har i Nesvågen. Denne greina av utløpet strekte seg som eit lite sund i 60-70 m lengde og 10-15 m breidde før det smalna inn til eit par meters breidd mellom to knausar (fig.1 og sv./kv.fot. nr.3-4). Her stod vatnet ca. 1 m djupt. I 1985 vart det bygd ei demning over dette sundet (avmerka på kartet), slik at vannstanden no er senka, og grunnvatnet står litt under myroverflata.

For å drenere det tørrlagde området har Kolflaath gravd ei ca. 1 m brei grøft eller kanal på langs gjennom myra, og det var under dette gravearbeidet at tregjenstandane dukka opp (sv./kv.fot. nr.4).

Nesvatnet ligg etter kartet 4 m o.h., men er etter Kolflaath si meining demt opp ca. 70 cm. I 1947 stod vatnet endå 20 cm høgare (brev av 24.1.84 i arkivet).

Myrlaget med funn av treverk er ca. 60-70 m langt og har ei gjennomsnittleg breidd på 10 m, nokre stader opp til 15 m. Dette gir eit areal på over 600 m² der det ligg treverk under torva. Etter opplysing frå Kolflaath, som har gravd heile kanalen for hand, var dei tilverka gjenstandane konsentrerte i det smalaste området under den nye brua, og utgravingsfeltet vart derfor lagt her, med eit felt på kvar side av kanalen (sv./kv.fot. nr.1 og 13).

I alt er det undersøkt eit område på ca. 21 m², 11 m² i felt A og 10 m² i felt B, i ei djupn på opptil 1,4 m.

Undersøkinga. Gravemetoder. Stratigrafi.

Utgravinga hadde preg av ei prøveundersøking der siktemålet var a) å finne ut om dette var eit funnførande kulturlag, og i så fall kvifor og korleis gjenstandane var hamna i myra og

b) korleis myra var oppbygd stratigrafisk, og om gjenstandane låg i eit spesielt lag.

Utgravingsfeltet vart lagt til den smalaste delen av sundet, der Kolflaath hadde funne flest tilverka gjenstandar. Området var delt i to av den langsgåande kanalen han hadde gravd. Feltet aust for grøfta vart kalt A, og feltet vest for grøfta B. Sundet er her delt i to av ein liten bergrygg som skyt opp til toppen av myrlaget, og grøfta går langs vestsida av denne. Det var ikkje stratigrafisk kontakt mellom dei to felta.

Felt A: Gravinga viste ein profil med eit 20 cm tjukt torv/gjørmelag øvst, eit mørkt torvlag ca. 20 cm tjukt under, og underst det lysebrune torvlaget som treverket låg i. Treverket var konsentrert i nederste delen av dette laget.

Myrlaget låg direkte på eit lag av skjellsand, med treverk med hoggspar heilt ned på sanden. Feltet vart ikkje gravd ned til skjellsanden over alt, dei austlegaste 270 cm i felt A vart gravd ned til ca. 50 cm over skjellsanden. Dette var både på grunn av tidspress og fordi mengda av treverk med hoggspar minka sterkt mot aust. I dei øverste 50 cm i felt A vart funne det vesle spantet med spor etter jernsaum og den eine keipen laga av eit naturvokst emne. Restane av spant med surringshol vart funne i eit djupare nivå i felt B. Treverket i felt B omfatta alt frå stokkar på eit par meter til greiner, kvist og hoggflis. Mykje av treverket var kvista og barka, og mange av trestykkane bar spor etter brann. Ein del var svidd, og ein del var heilt avbrent. Ein del av treverket hadde tilhogne flater eller var tilspissa i enden, men alt i alt var ikkje talet på gjenstandar meir enn ein promille av den samla mengda av treverk. Treverk med hoggspar låg direkte på skjellsanden, noko som skulle tyde på at utgravingsområdet var eit åpent sund utan myrdanning på den tid treverket vart kasta uti her. Botnen av myra ligg i dag ca. 1,5 m o.h.

NB! 25 m.o.h.

Felt B: Feltet måler ca. 3x3 m og vart gravd heilt ned til fjell og/eller skjellsand. Berget skrår bratt opp mot sørvest, slik at den sørvestre delen av feltet var ganske grunn. På det meste var feltet 1,3 m djupt (sjå profil).

Stratigrafien var klarare enn i felt A, med to sterkt ulike lag skilt av eit lag med tynne, sterkt forvittra heller. Myr- laget med treverk låg rett på eit grunt lag skjellsand som låg i sprekker i berget. Det vart gravd ned til grunnfjellet i heile feltet si utstrekning. Konsentrasjonen av treverk var størst mot botnen av myrlaget, med kraftige stokkar nedst nede som var sterkt angrepne av pelemark. Ei god del tynne stokkar låg direkte på det skrånande berget. Mange av dei var bjørkestammar med ein diameter på ca. 10-15 cm (sv./kv.fot. nr.5 og 22).

Det var i grøfta langs felt B at Kolflaath fann dei fleste restane av spant, seinast dagen før gravinga tok til. Ingen spantdelar vart funne in situ under utgravinga. Etter finnar sine opplysingar kom spantrestane heilt frå botnen av myrlaget.

Treverket i felt B var konsentrert til den søraustre delen av feltet, til det smalaste partiet mellom bergryggane. Mot den nordvestre profilen minka treverket, bortsett frå i den underste delen av laget.

I felt B er det innsamla 30 funn, mot 7 funn i felt A. Tidlegare funn i grøfta og frå arbeidet med demninga utgjer 12 gjenstandar. Disse funna viser at det ligg gjenstandar heile vegen frå felt B og nordvestover mot demninga.

Funna.

Det er innsamla 7 funn frå felt A, 30 funn frå felt B, og 12 funn er tidlegare oppsamla av Kolflaath på strekkinga frå demninga og sørover til der myra sluttar. Til saman 49 nr. Aksesjonsnr. 60/1986. B 13861*.

Alt er treverk med unntak av eit keramikkskår og ein lærsko, som begge er frå mellomalder eller nyare tid, og eit bein. Kriteriet for kva som vart tatt vare på som "funn" er at det var ein del av eller ein heil gjenstand med ein viss funksjon. Det vart funne dusinvis av stokkar og kjeppar med spor av tilhogging som ikkje vart tatt vare på fordi dei ikkje kunne tolkast som ein gjenstand.

Ingen av funna har dekorasjonar som kan datere dei stilmesig. Ei datering må derfor skje på grunnlag av teknologiske trekk og naturvitenskaplege metoder.

* B13861 er arkeskjært. Resten av funna er B14188
26.1.87@EknU

Mange av dei funksjonsbestemte gjentandane er delar av båtar og båtutstyr, og fleire av dei meir anonyme gjenstandane som t.d. trepluggar kan også godt høyre til båtutstyr.

Berre ein tregjenstand er identifisert som jordbruksreiskap, eit ards kjær oppsamla av Kolflaath i 1984 eller -85 (identifisert av Anders Hagen), 60/1986-48. B13861.

Det er skilnad på funna frå dei to felta. Funna frå felt A gir eit yngre inntrykk enn funna i felt B og er meir stor-dimensjonerte. Keipen frå felt A er nagla til ripa med minst 3 stk. trenaglar, medan keipen frå felt B var surra til ripa. Årebladet frå felt A er langt grovare enn åreblada frå felt B, og truleg etla til ein større båt.

Ingen av spantrestane med surringshol er funne in situ, men alle dei sist funne låg i grøfta ved felt B og djupt i myr-laget. Restar av surring er bestemt til å vere lindebast.

Det vesle spantet som er funne i felt A (ein rong?), låg høgt oppe i laget. Det har merke etter ein båtsaum av jern med firkanta hovud og har vore nagla fast til skroget, eit teknologisk trekk som er yngre enn surring av spanta til skroget.

Lokaliseringa av funnstaden til like ved den gode hamna Nesvågen gjer det også naturleg å tenke seg at funnet har samanheng med aktivitetar i hamna.

Gravfunn, offerfunn eller ein anna type funn?

Mange av båtfunna frå jernalderen er gravfunn, t.d. Gokstad-, Oseberg- og Tuneskipa. Andre er lagt ned i myrar og vatn som offer, t.d. Nydamskipet, Hjortspringbåten, Kvalsundskipet og Fjørtoftbåtane. Andre funn kan vere båtar som er blitt lig-gande som vrak i strandkanten og/eller har sokke ned, eller det kan vere halvferdige båtdelar som er blitt lagde i myr eller vatn for å trutne eller haldast fuktige til seinare bruk.

Mangersnesfunnet er verken grav- eller offerfunn. Dei slitte og øydelagde båtrestane viser at det ikkje er snakk om ein eller fleire heile båtar, men om enkeltdelar som saman med store mengder treavfall er brukt til oppfylling av eit lite sund eller ei lita vik. Lokalitetstypen må derfor heller kallast ein stad der båtar er bygde og reparerte, og at det er avfallsmassene frå dette arbeidet som no er funne. Sjølve staden der arbeidet vart gjort må ligge oppe på tørt land, truleg på eidet mellom vatnet og Nesvågen.

Samanlikning med andre båtfunn.

Opp gjennom åra er det gjort ei lang rekke myrfunn av båtar på Vestlandet. Sjetelig har ei oversikt i si bok om Kvalsundskipet (1929), og seinare er det komne til fleire, t.d. B 8608 (1934), B 9078 (1939) og B 11081 (1956). Disse funna spreier seg over både jernalder, mellomalder og nyare tid, og over kategoriane gravfunn, offerfunn og lagringsfunn (oppbevaring av emnetre i myr og vatn til seinare bruk). Ein del av funna er nøkkelfunn i utviklingshistorien til den nordiske båttypen, t.d. Halsnøybåten og Kvalsundskipet, saman med danske og tyske funn, som Nydamskipet, Hjortspringbåten og fleire.

Om opphavet til den nordiske båttypen er skinnbåten eller stokkebåten er enno diskutert, men i alle fall i førromersk jernalder er trebåten bygd av samansydde bord utvikla (Hjortspringbåten). Ut gjennom jernalderen utviklar botnplanken seg til ein kjøl som gjer båten meir stabil og i stand til å tåle meir last og ikkje minst rigg og mast. Heile tida blir skroget bygd først og spant og kne sett inn seinare og surra fast til utsparte klampar i båtborda. Eit enno usvart spørsmål er når kunnskapen om mast og segl kom til Norden. Etter alt å døme hadde ikkje Kvalsundskipet frå ca. 700 e.Kr. mast og rigg, men vart berre rodd. Osebergskipet frå første halvdel av 800-talet har derimot fullt utvikla kjøl og mast med mastefisk, men spanta er enno delvis surra til båtborda. Over vasslinja er dei likevel nagla fast. Her var det mindre krav til elastisitet. Den store teknologiske overgangen til kravellbygning skjer ein gong i seinmellomalderen, men mindre båtar vart og vert stadig bygd i tradisjonen frå yngre jernalder, bortsett frå at surring av spanta forsvinn, truleg tidleg i mellomalderen.

Kvar i denne utviklingsrekka ser så funna frå Mangersnes ut til å passe inn? Som alt sagt er det to grupper funn, ei frå felt A og ei frå felt B. Funna frå felt A peikar seg typologisk ut som dei yngste; med jernsaum i spantet og keip som er nagla fast til overkanten av ripa. Dette kan tyde på ein båt av ein viss storleik, sidan keipar på små båtar som regel er festa på innsida av ripbordet.

Spantet med jernsaum kan ikkje vere frå eldre jernalder, kanskje frå yngre jernalder, men kan også vere frå mellomalder eller yngre.

Når det gjeld funna frå felt B, peikar disse lenger attover i tid. Det halve spantet (i 4 delar) viser at det ikkje har vore nagla fast til skroget, berre surra. Den vesle knekken øverst som tyder på at spantet har "hengt på" enten ripa, ei langsgående list eller ein klamp er eit trekk som ikkje finst på kjente båtar frå yngre jernalder. Den einaste parallellen som tilgjengeleg litteratur kan vise til er Nydamskipet frå ca. 350-400 e.Kr. Eit anna teknisk trekk å merke seg er tverrsnittet på spantet, som smalnar sterkt inn mot skroget, og den skrå undersida på spantet, som kan ha noko å gjere med elastisiteten i båten.

Hola i spantet er ikkje bora, men uthogde, og er firkanta. I hola ligg det restar av surringa, som er lindébåst. Den er 4 mm i diameter, har ein spinnvinkel på 25°, er spunnen av ei enkel bandremse, ca. 6 mm brei eller meir, og har ikkje bevikling. Spantet er lagd av bjørk som er eit uvanleg materiale i båtar. Analysen er utført av Ellen Schjølberg, Botanisk institutt, Universitetet i Bergen. Vedlegg 2.

Det er uråd å seie om dei einskilte båtadelane frå felt B høyrer til ein og same båten, men dei ser ut til å stamme frå same båttypen og må såleis ligge nær kvarandre i tid. Den nesten komplette åra nr. 60/1986-8 verkar svært spinkel samanlikna med årar frå andre funn. Skaftet er ved handtaket 4 cm i diameter, men på det meste av lengda er diameteren berre 3,5 cm. Det betyr at båten må ha vore svært lett og/eller liten. Dei største årane i Kvalsundskipet er 325 cm lange, og skipet er 18 m langt. Årane her er dessutan breiare og tjukkare. Båten som Mangersnesåra har tilhøyrt må ha vore ein god del mindre enn Kvalsundskipet, heller som ein moderne færing.

Keipen nr. 60/1986-10 skrår så sterkt utover at han må ha stått på ei sterkt skrånande båtside, dvs. at båten var ganske flat og vid der denne keipen stod.

Ingen av funna kan sikkert settast i samband med rigg og mast. Seglkunsten ser ikkje ut til å ha blitt tatt i bruk i Norden før tidlegast på 700-talet e.Kr.

Skroget, som må ha vore av tre, ser det ikkje ut til å vere funne restar av, bortsett frå eit stykke av ein muleg klampe, nr.60/1986-31. Det er verd å merke seg at holet i denne "klampen" ikkje er bora, men uthogd, eit trekk som Shetelig omtaler på Halsnøybåten sine båtbord (Shetelig 1903:20).

På Halsnøybåten er båtborda sydd saman, slik som på Hjortspringbåten. Halsnøybåten er datert til AD 335[±]65 (Myhre 1980:30).

Dei to båtfunna som Mangersnesfunnet ser ut til å ligge nærast, er altså begge daterte til 300-talet e.Kr. Båtar med sydde bordgangar vart bygde heilt opp på 1800-talet i Nord-Norge, medan Nydamskipet er det eldste dømet på klinkbygging i Norden. Vilkåret for klinkbygging er god tilgang på jern, eit produkt som var kostbart og sikkert ikkje var tilgjengeleg for alle som var avhengig av båt langs Vestlandskysten. Dei to teknikkane kan derfor godt ha eksistert side om side i lang tid.

I 1986 vart det gravd ut eit område på 21 m², medan heile myrområdet er ca. 600 m². Altså er berre 3-4% av området undersøkt. Kolflaath har påvist treverk i heile myra si lengde, men meiner at konsentrasjonen av gjenstandar er størst i området under brua. Det ser likevel ut til at det ligg gjenstandar heilt nord til demninga, å dømme etter dei funn som er gjort under grøftegravinga. Både i felt A og B såg det ut til at talet på funna minka mot sør og aust i felt A og mot nord i felt B.

Det er derfor ikkje sikkert at nye undersøkingar vil gi like rike funn som utgravingane i 1986. På den andre sida ser dette ut til å vere eit uvanleg funn nettopp fordi det er så "vanlig" - ein avfallsplass for kasserte båtdelar og treverk - at det gir sjansen til å studere sider ved båtbygging og båtrepasjonar som grav- og offerfunn ikkje kan.

Lokalkjende har sett funnet i samanheng med oppdemming av Nesvatnet med tanke på utnytting av skogen rundt Nesvatnet. Dette kan vere overleveringar om tømmerhandel frå langt seinare tider, gjerne 15-1600-talet. Det er visstnok også tradisjon om "spanske skuter" som kjøpte tømmer her. Keramikk-skåret nr.60 - 1986/45 er frå middelhavsområdet eller Spania (Rory Dunlop) og underbygger denne påstanden.

Kor sjeldent er funnet i forhold til andre båtfunn?

Teikning av nokre av sakene er vist til Arne-Emil Christensen, Noregs fremste skipshistorikar, som var den som først identifiserte funnet som eit båtfunn. Han meiner at det klart er snakk om eit båtfunn frå eldre jernalder, og dei konstruktive detaljane som til no er oppdaga plasserer fun-

net i yngre romartid saman med Nydamskipet. Mellom anna ser det ut til at kvart båtbord har hatt to utsparte klampar, eit alderdommeleg trekk. Båtane frå yngre jernalder har berre ein, medan Halsnøybåten har to, og Hjortspringbåten har fleire klampar på kvart bord. Det einaste tilsvarende norske spantet er eit spant frå Hemsing, Vang i Valdres, no i Sogn Folkemuseum. Dette spantet har den same karakteristiske knekken øverst. Det vart funne 2 m djupt i myr.

A.-E. Christensen viste til at slike båtfunn frå eldre jernalder er sjeldne i landsmålestokk. Ingen av disse funnene er gjort av fagfolk. Dei fleste er gjort under torvskjering for fleire tiår sidan. Mangernes-funnet er eineståande fordi ein her har sjansen til ei fagmessig undersøking, og Christensen meiner at funnet absolutt må undersøkast vidare.

Litteratur:

- A.-E. Christensen: Frå vikingskip til motorsnekke. Oslo 1966.
 C. Engelhardt: Nydam Mosefund. Kbh. 1865.
 B. Myhre: Ny datering av våre eldste båter. Arkeo 1980.
 Bergen 1980.
 H. Schetelig: Osebergskibet. I Osebergfundet I. Kra. 1917.
 H. Schetelig/F. Johannessen: Kvalsundfundet. Bergen 1929.
 H. Schetelig: Notes from the Antiquarian Collection (Halsnøy-skipet). Bergens Museums Årbog 1903.

Funnliste Mangersnes. Aksesjonsnummer 60/1986. B 14188

60/1986-1 Trekanta trestykke, tilglatta på alle tre sider. Bua i eine enden, avbrent i den andre. Lite hol i den uskadde enden, truleg laga av planterot. L.21,5 cm, br.4,7 cm. Felt A.

60/1986-2 Treplugg med sylinderaforma, flatt hovud. Spissen knekt i eldre tid. L.8 cm. Felt A.

60/1986-3 Trestykke med rundt tverrsnitt. Skadd i begge endar og delt i tre bitar. Stykke av åre? L. 28 cm. Felt A.

60/1986-4 Åreblad, delt i 4 store og 2-3 små stykke. Samla lengde 39-40 cm. Største breidd 9 cm. Flatt på eine sida, bua på den andre. Felt A.

60/1986-5 Keip av naturvokst emne, med hol til hamleband. Har vore nagla til toppen av ripa med tre naglar. Den eine er bevart i holet, den andre delvis bevart, og av den tredje er berre halve holet att. Kraftig slitemerke etter åra, delvis forvitra, men ellers godt bevart. L.32 cm. Største høgd 10 cm. Felt A.

60/1986-6 Stykke av åre? Smalnar av mot eine enden, der det ser ut som om dette stykket har vore "inntappa" i eit anna eller har hatt eit beslag. C14-prøve tatt av kjernen til dette stykket. L.29,5 cm, største diam 4,4 cm. Felt A.

60/1986-7 Spant (rong?) av tre, skadd i begge ender. Eine arma har avtrykk etter ein jernsaum med firkanta hovud innvendig. Største spenn ca. 49 cm. Spantet er ca. 8 cm tjukt og ca. 9 cm høgt i vinkelen. Tverrsnittet er nesten rundt. Felt A.

60/1986-8 Åre, nesten komplett. Ligg føre i 15 fragment, men ein bit av årebladet manglar. Total lengd ca. 195 cm. Årebladet er 5,5 cm breitt, ved tuppen 6 cm breitt. Diameter på skaftet gjennomsnittleg 3,5 cm, ved handtaket 4 cm. Felt B.

60/1986-9 Toppstykke av spant med 1 surringshol. Oversida boga, enden tverr. Eit stort hakk i undersida er primært. Det er truleg tenkt å skulle kvile på ein utspart klamp i båtsida. Høyrer saman med aksesjonsnr.39 og 46. Felt B.

60/1986-10 Keip av tre i to samanhøyrande bitar, med hol til hamleband, og i lengste enden nedskjering til surring til ripa, delvis skadd. Toppen av keipen knekt i eldre tid, og dette er grunnen til at keipen er kassert. L. 26,5 cm. Felt B.

60/1986-11 Fragment av uthola trestykke, kanskje trau eller ausekjer. Eine enden fullt bevart, men med sterk slitasje. 1 stort og 1 lite fragment. Skadd under utgravinga. Total lengd 18 cm, br. 9,5 cm, h. 4,5 cm. Felt B.

60/1986-12 Tregjenstand med usikker funksjon. Flat underside, hvelva overside med skarp rygg. I kvar ende er det to små hol, i eine enden er dei runde, i den andre firkanta. Forma på stykket er oval. Litt av eine sida er borte. Ikkje slitespor i hola. Kan minne om beslag til reparasjon av sprekker i båtbord. L. 14 cm, br.4 cm, h.1,5 cm. Felt B.

60/1986-13 Prenliknande gjenstand av tre. To små hol, det eine ved enden, det andre 8 cm frå spissen (gjenstanden knekt gjennom dette holet). 3 cm brei ved enden, 1 cm tjukk, 21 cm lang. Felt B.

60/1986-14 Prenliknande gjenstand av tre. Kan ha hatt hol i enden, men er i så fall knekt midt i holet. Delt i to bitar. Flat på sidene. L.14,5 cm, 2,3 cm brei ved enden, 0,7 cm tjukk. Felt B.

60/1986-15 Fragment av treplugg. Ei flis utskåren på langs. L.8 cm, Felt B.

60/1986-16 Firsidig treplugg med rektangulært hovud. L.9 cm, 1,2 x 1 cm tjukk. Felt B.

B/1986-17 Bikonisk skaft av tre, 8,9 cm langt, litt skadd i eine enden. Full lengd ca. 9,5 cm, 2,4 cm tjukk på midten. Firkanta hol i eine enden til jernskaft. Syl? Felt B.

60/1986-18 Oval tregjenstand med ovalt tverrsnitt. Uviss funksjon. L.6,5 cm, br.2,4 cm, tj.1 cm. Felt B.

60/1986-19 Fragment av åreblad(?) av tre, i to delar. Samla lengd 36 cm. Mot enden ein liten knekk, som på ei hockeykølle. Flat med tilspissa sider, gammalt brot i begge endar. Br.5,5 cm, 1,2 cm tjukk. Felt B.

60/1986-20 Fragment av åreblad (?) av tre. Liten knekk mot enden som på nr.19. Sterkt forvitra. L.14 cm, br.6,7 cm, tj. 0,9 cm. Felt B.

60/1986-21 Tilspikka, flate trefliser, 5 fragment. Felt B.

60/1986-22 Tilspissa kjepp, delt i 3 fragment. L.23 cm. Felt B.

60/1986-23 Kløyvd, tilglatta kjepp i to bitar. L.19,5 cm. Felt B.

60/1986-24 Liten plugg eller nål av tre, delt i fire fragment. L. ca. 9 cm. Felt B.

60/1986-25 Fragment av fire tresaker, 2 pluggar/naglar, 1 tilglatta liten kjepp og 1 flat kjepp med to hol gjennom, knekt i begge hola. Felt B.

60/1986-26 Lang, spiss gjenstand, smalnar av som eit pilskaft i eine enden, pent tilglatta. Langt tjukkare i andre enden, uregelmessig og brent av. Ukjend funksjon. L.53 cm. Felt B.

60/1986-27 Tilglatta kjepp av tre med svispor. L.42 cm. Felt B.

60/1986-28 Del av åreskaft (?). L. 15 cm. Felt B.

60/1986-29 To tilglatta trestykke, det eine svidd i enden. Tyrispik? Felt B.

60/1986-30 Tilhogd trestykke (eik?). Felt B.

60/1986-31 Fragment av gjenstand med utspart rygg som det går eit firsidig hol gjennom. Klamp på båtbord til surring av spant? Felt B.

60/1986-32 Fragment av tilhogd trestykke. Mange små fragment. L.11,5 cm. Felt B.

60/1986-33 Fragment av trestykke med hoggspon. L.6 cm, br. 5 cm, h.3,5 cm. Felt B.

60/1986-34 Fragment av tilhogd, butt tilspissa trestykke. L.7,5 cm. Felt B.

60/1986-35 Dyrebein, truleg sau/geit. L.7,5 cm. Felt B.

60/1986-36 Emne til åre (?). Stokk som er flathogd på begge sider, delt i 3 stykke. Samla lengd ca. 160 cm. H. 6 cm, br. 3,5 cm. Felt B.

60/1986-37 Åreskaft (?) av tre, i 3 fragment. Ser ut til å vere knekt akkurat i keipfestet. Svært slitt der. L.55 cm. Felt B.

Lausfunn gjort av grunneigaren:

60/1986-38 Fragment av spant med to surringshol. Skadd av spade ved oppgravinga, men har også eldre skader som har gjort at det er blitt kassert. Ser ut til å ha stått mot botnen av båten (?). Funne i grøfta langs felt B der sundet mellom bergryggane er smalast.

60/1986-39 Fragment av spant med 1 surringshol. Sterkt skadd ved oppgravinga. Funne same stad som nr.38. Passar saman med nr.9 og 46.

60/1986-40 Klypeliknande reiskap av tre, skadd i eine enden.

I den enden er ei kløft i treverket som vidar seg ut til ein halvsirkel. Spissen av dei to "klypeendane" er borte. Mal til lagning av trepluggar?.

60/1986-41 Tupp av åreblad (styreåre?) med 2 jernnaglar i. Knekt i eldre tid. St.1.20 cm, br.10,5 cm, tj.3 cm.

60/1986-42 To trestykke innsamla "ved årefella". Begge er forvridde ved tørking. Den eine har fals til surring (del av keip?), 1.9 cm, den andre har eit naglehol, 1.12,5 cm.

60/1986-43 Tilhogd trestykke med uviss funksjon. Funn "frå ålefella".

60/1986-44 Dyrehorn "frå ålefella".

60/1986-45 Skår av gul, finkornet keramikk. Truleg etter-reformatorisk.

60/1986-46 To samanhengande delar av spant. Høyrrer saman med nr.9 og 39.

60/1986-47 Fragment av spant.

60/1986-48 Ardskjær av tre. L. 54 cm.

60/1986-49 Lærsko med påsette hæl og rest av band over vris-ta. Har hatt ekstra såle. L. 25 cm.